

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rita Ludvigsen	FA-A10, FE-231	19/614

Saknr	Utval	Type	Dato
097/2019	Formannskapet	PS	02.12.2019

Svar på oppgave frå Kommunestyre betaling SFO

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Skriv inn framlegg til vedtak her

Saksopplysningar:

Bakgrunn

21.10.19 Formannskapet Sak 75/2019

Torill Torsvik Størkersen (Ap) bad om at det vert spesifisert kor mange på kvart alderstrinn som nyttar SFO og kva det vil koste å redusere prisen for 1. klassingane.

Fakta

SFO er eit fritidstilbod og vert ikkje rekna som ordinær undervisning. SFO skal vera finansiert etter sjølvkost prinsippet.

Fakta bygger på GSI tal for grunnskulen med teljedato 01.10.19. Det ligg i retningslinene til SFO at ingen husstand skal betale meir enn 6% av brutto inntekt pr. barn i SFO/barnehage. I Regjeringa sine retningsliner i statsbudsjettet for 2020 og som trer i kraft hausten 2020, legg ein til rette for ei ordning med at den samla person og kapitalinntekta i hushaldet for 1. og 2. trinn ikkje skal overstiga 6 %, som betaling for ein SFO plass. I Masfjorden gjeld dette allerede for 1. til 4. trinn. I tillegg har vi søskenmoderasjon som tel med barnehage og SFO der ein får 30% reduksjon for barn nr.2 og 50% reduksjon for barn nr.3. I statsbudsjettet er det og tatt høgde for at elevar frå 5. til 7. klasse skal ha gratis SFO dersom dei har særskilde behov, trer i kraft frå hausten 2020.

Vi har 90 barn på 1. til 4. trinn i Masfjordskulane. Av desse er det 59 barn som nyttar eit tilbod i SFO.

SFO tilbodet i Masfjorden er gradert i 4 der den kortaste tida er 6 timar og den lengste full tid fram til 16.30. På Matre er det 18 elevar på desse trinna av desse er det 14 som nyttar SFO og av desse er det 3 som har full plass. På Nordbygda er det 44 elevar av desse er det 30 som nytta SFO og av dei er det 12 som har full plass. På Sandnes er det 28 elevar og 15 som nyttar SFO av desse er det 7 som har full plass. Ein plass i SFO inntil 6 timar kostar kr.562 – full pris. Ein full plass over 14 timar pr. veke kostar

kr.2238,- full pris.

Pr i dag har vi 4 personar som jobbar i SFO på Matre, dette utgjer 84 % stilling. På Nordbygda er det 5 personar som jobbar i om lag 200% stilling tilsaman og på Sandnes er det 5 personar som jobbar i SFO og dette utgjer 198% stilling.

Vurdering

Når ein ser på dei rabattordningane ein allereie har i SFO Masfjorden kommune er dei svært gunstige både for dei med låg inntekt og for dei med fleire barn. Skal ein redusera prisen for 1. klasse må ein då sjå på kva det vil koste å gje dette tilbodet gratis, og i full plass. Ein vil måtte auke stillingane i SFO med om lag eit halvt årsverk, som utgjer om lag kr. 265.000,- i tillegg må ein rekna med bortfall av inntekt for dei i 1. klasse, noko som vil utgjera kr 465.000,- Dette rekna ut for 19 barn i 11 mndr. Tillegg barn som ikkje har SFO i dag er 6 barn.

Samla kostnad for gratis SFO 1.klasse vil då vera om lag kr. 730.000,-

Konklusjon

Masfjorden kommune har eit godt og fleksibelt SFO tilbod i dag. Vi har gode moderasjonsordningar for barnefamiljar og for hushald med låg inntekt, noko som gjer at folk kan tilpassa plassen til sitt eige behov. Skal ein gje gratis SFO tilbod til alle 1. klassingane vil dette medføra ein stor kostnad for kommunen, som ikkje samsvarer med utgangspunktet for sjølvkost.

Formannskapet - 097/2019

FS - behandling:

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka.
Saka vart drøfta.
Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune beheld betalingsordninga for SFO slik ho er i dag.